

forum for  
natur og friluftsliv  
Møre og Romsdal

Olje- og Energidepartementet (OED)

Dato: 01.10.2019

*FNF Møre og Romsdal er eit samarbeidsforum for natur- og friluftslivsinteresserte organisasjonar i Møre og Romsdal. FNF skal engasjere seg i saker som påvirker natur og friluftslivet i fylket. I dag er Norges Jeger- og Fiskerforbund Møre og Romsdal, Naturvernforbundet i Møre og Romsdal, Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal, Sunnmøre Friluftsråd, DNT Romsdal, Møre og Romsdal 4 H og fire speidarkretsar tilslutta forumet. Totalt representerer desse organisasjonene mange medlemmer med ei stor interesse for å ta vare på naturen for dagens - og komande generasjonar.*


## VINDKRAFT I MØRE OG ROMSDAL – HØYRING AV RAMMEPLAN

Vi viser til høyring på rammeplan for vindkraft med høyringsfrist 1 okt. 2019.

**Organisasjonane i Forum for Natur og Friluftsliv i Møre og Romsdal ønsker klimatiltak no, men meiner at desse vindkraftplanene åpner opp for dramatiske arealinngrep i naturen i vårt fylke med negative konsekvensar for landskapet, dyr og planter! Vi ser at etableringa av vindkraftanleggene også fører med seg vegar og anna infrastruktur som forsterker angrepet på den urørte naturen. Samtidig vil vindkraftanlegga føre med seg ubrukelege areal for oss menneske ved at områda vil bli visuelt og støymessig øydelagt. Så har vi det at nettopp i desse utplukkeda områda har vi også noe av det mest verdifulle turløypenettet, for eksempel «Fjordruta» til Kristiansund og Nordmøre Turistforening (KNT), som har ein stor nasjonal verdi i friluftslivet.**

NVE presenterte 1. april 2019 eit omfattende forslag til «Nasjonal ramme for vindkraft på land» med høyringsfrist 1. oktober i år. OED vil så vurdere NVEs forslag til «Nasjonal ramme for vindkraft på land» før dei tek stilling til politikken for vindkraft på land. Ramma er tenkt å vere eit overordna styringsverktøy for lokalisering av framtidig vindkraftprosjekt.

NVE har den 1 april 2019 foreslått tre store område i Møre og Romsdal med store natur- og friluftslivsverdier, som dei meiner ligg til rette for industriutbygging av vindkraftanlegg (sjå <https://www.nve.no/nasjonal-ramme-for-vindkraft/>). Dette gjeldet eit 1360 km<sup>2</sup> stort areal på Nordmøre, eit 780 km<sup>2</sup> stort areal (reserveareal?) i Romsdal og eit 293 km<sup>2</sup> stort areal på Sunnmøre/Nordfjord.



forum for  
natur og friluftsliv  
Møre og Romsdal

FNF Møre og Romsdal sendte den 5 juli 2019 ut eit brev til alle kommunane i fylket for å informere om NVEs forslag til nasjonal ramme for vindkraft og dei negative konsekvensane eit vindkraftverk, som i realiteten er utbygging av eit industriområde for vindkraft med turbinar opp mot 250 meters høgde, kan ha for interesser relatert til natur, biologisk mangfald og friluftsliv. Vi oppfordra i dette brevet kommunane til å tenke grundig gjennom om behovet for vindkraft er stort nok til å rettferdiggjere store, irreversible naturinngrep.

### **Generelt om prosessen**


Vi har fått presentert at det er eit visst tal eigna område igjen etter at det har vore ei form for silingsprosess. Det rette må vere å seie at ein no har sortert vekk klart ueigna område, og står att med nokre område ein må undersøke nærare.

Det er ein del kriterium som er enklare å handsame enn andre. T.d. er det vesentleg enklare å modellere kor det er vindtilhøve som kan gi lønsemd. Det er også handfast kvar det er innflyging til flyplassar, militære omsyn og kringkastingsproblematikk. Det gjer at ein på eit tidleg tidspunkt kan innrette seg etter det og ta omsyn til det medan det framleis finst areal igjen utan bindingar.

Dei grøne organisasjonane bryr seg både om naturvern og friluftsliv, dvs ein er både for vern og bruk der naturen tåler dette. Utfordringa med baa, både biologisk mangfald og friluftsliv, er å stadfeste dette. Biologisk mangfald er ofte ikkje så lett å sjå og det har ikkje klare grenser som til dømes militære område. Biologisk mangfald krev tid å kartlegge. Vi har i nokre tiår kartlagd område, men først og fremst område der det skjer noko; les der det er planar om utbygging. Det har i liten grad vore i fjellheimen, og då helst der det har vore store hytteinteresser. Det tyder at det i store område ikkje er kartlagd i det heile, eller er kartlagd tilfeldig og ofte ikkje særleg omfattande. Dermed har vi kart med mykje biologisk mangfald i kystnære område og nær busetnad. I store fjellområde finst det ikkje verdifulle naturtypar, i alle fall viss ein ser berre på kart. Viss ein vil unngå konflikt med biologisk mangfald, bør ein følgjeleg legge arealkrevjande anlegg til fjells. Men det er ei stor mistyding at kvite område på kartet er det same som lite konflikt. Kvite område på kartet er i dette høvet oftast at det ikkje har vore nokre som har kartlagd. Vi veit rett og slett ikkje om det er biologisk mangfald som treng å få vere i fred.

Friluftsliv er også i sjangeren som er vanskeleg å telle og sette i matrise. Dessutan er det ikkje automatisk slik at fjelltoppar med over 1000 besøk i året er meir verdifulle enn dei som har 3. Nokre kommunar har gjort registreringar av friluftslivsverdiar, mange har det ikkje. Mange kommunar i fylket driv nett no med kartlegging av friluftsområder, men dette er ikkje ferdig enno kan difor ikkje nyttast no i vurderinga av denne rammeplana.

Vi meiner at dei såkalla eigna områda bør reduserast mykje ved høyringa no, slik at ein eventuelt kan få gjort vesentleg grundigare undersøkingar av eit mykje mindre, og meir



forum for  
natur og friluftsliv  
Møre og Romsdal

overkomeleg areal i ei seinare høyring. Det fortener både det biologiske mangfaldet og friluftslivet.


Når det gjeld dei biologiske verdiane, så må dei kartleggast. Vi har registrert noko om at det må gjerast i samband med konkrete søknader, då det kostar mykje. Når vi kjem så langt har alle andre omsyn fått sitt, og det er att nokre mindre areal igjen. Då er vi i den situasjonen at biologisk mangfald, om det skal takast omsyn til, stundom fjernar dei siste områda frå det som var sortert ut som eigna. I ein slik situasjon blir ein snart sett på som bakstreversk om ein vil kjempe for verdiane som er igjen. Men systemet legg opp til det. Det bør vere NVE sitt ansvar å motverke slike tendensar. Alternativet er å synse med bråk og spetakkel for å bli høyrte på eit tidspunkt då dei biologiske verdiane ikkje er kartlagde. Eller å bruke årsverk på å kartlegge natur som utbyggar bør ha ansvar for å ta kostnaden med å kartlegge.

Når ein ser det store vindkraftkartet over landet vårt, kan ein legge merke til at det er eit lite område i Møre og Romsdal som ikkje er dekt av anlegg eller konsesjonar. Det må vere grunn god nok til at det ikkje blir noko bygd noko vindkraftanlegg i Møre og Romsdal. No har det vore eit råkøyr der heile resten av kysten blir bygd, og det er eit stort behov for eit større område som er igjen utan slik påverknad. Nærast eit pusterom for artar og miljø som elles no kjem til å bli mykje utsett for verknader av vindkraftutbygging.

### **Generelt angående vindkraft**

FNF Møre og Romsdal meiner det blir feil å bygge ned urørt natur når vi har betre alternativ. Vårt fylke leverer allereie eit stort bidrag med fornybar kraft inn i marknaden gjennom utbygd vannkraft, og det er allereie gitt fleire konsesjonar til vindkraft i fylket. Det er dermed lagt til rette for ytterligare bidrag til fornybar kraft. Til tross for produksjon av rein og fornybar energi er ikke vindkraft alltid miljøvenleg. Vindkraftverk er store, arealkrevjande, tekniske anlegg som kan kome i konflikt med nasjonale miljømål og ha negativ verknad på andre viktige miljø- og samfunnsverdiar. Eksempelvis kjem kraftutbygging stadig i konflikt med biologisk mangfald, villmarksprega natur, friluftsliv og natur- og kulturbasert reiseliv.

- **Irreversible arealinngrep.** Etablering av et vindkraftverk med blant anna vegar og anna infrastruktur, kabeltrasé og nett-trasé er ekstremt arealkrevjande. Når rotorblader på opptil 70 meters lengd skal fraktast inn i kupert landskap med lastebil, og turbiner på opptil 250 meters høgd skal monterast, vil dette føre til enorme naturinngrep; heilandskap sprengast i stykkje, dalar blir fylt opp, og myrområde endevendast.
- **Truge naturmangfald.** For å ivareta naturmangfald er det avgjerande at det takast vare på urørte, større naturområde med ein kjerne av intakt natur upåvirka av kanteffekter mot busetnad/samferdsel. I tillegg er det nødvendig med et nett av mindre naturområder med forbindelsesliner slik at artar har moglegheit for spreining i landskapet. I den nye rapporten frå FNs naturpanel har dei samla kunnskap om korleis menneskeleg aktivitet påvirkar økosystema og naturen rundt oss, og endring av areal blir sett på som den største trusselen




forum for  
natur og friluftsliv  
Møre og Romsdal

mot naturmangfaldet per i dag. Av artane som er truga i Norge, er 87 prosent truga på grunn av ulike type arealendringar. I vår natur vil vindkraftverk medføre varige terrenginngrep, og gjerne i dei mest urørte delane av naturen vår. Sjølv vindturbinane medfører auka dødelegheit for fugl og flaggermus, og ein stor del av landets trekkande bestandar passerer gjennom vår landsdel. Internasjonale studier viser at store mengder av flaggermus og fugl blir drepe av vindturbinar, og tyske studier viser at enorme mengde insekt også drepest i vindturbinane. Dette er alle grupper som allereie viser nedgang i sine bestandar.

- **Foringelse av friluftslivsområder.** Vindkraftanlegg planleggast ofte i inngrepsfrie naturområde (INON) eller villmarksprega område. Disse områda er ofte verdifulle for befolkninga nettopp på grunn av det villmarksprega, utan støy, busetnad og anlegg. Etablering av vindkraftverk gjer at eit slikt områda ikkje lenger kan brukast som natur- og friluftsområde på same måte som før på grunn av den fragmenterte og øydelagte naturen, men også støy frå turbinane, skyggekast og faren for iskast.
- **Foringelse av landskap.** Vindkraftanlegg påverker landskapet over store område, og vindturbinar kan ofte sjåast på lang lang avstand. Utsprengingar, vegar og anna infrastruktur vil føre til ein total endring av landskapet som ikkje kan reverserast. Eit anlegg kan påverke fleire kommunar, både direkte og indirekte. For eksempel kan brukarane av kommunens naturområde ofte bu i nabokommunar eller andre stader enno lenger unna.
- **Manglende styring av etterbruk.** I Sverige blir utbyggar pålagt å stille full økonomisk garanti for kostnader for opprydding og tilbakeføring av vindindustriområdet samt evt. miljøskade når det skulle bli behov for dette. I Norge er det eit krav i alle NVEs konsesjonar til vindkraftanlegg at «ved nedleggelse skal konsesjonæren fjerne anlegget og tilbakeføre området til sin naturlige tilstand så langt dette er mulig», jf. energilovforskriften § 3-5 bokstav d). Inkluderer dette også tilbakeføring av øydelagt terreng? Vidare i NVEs konsesjonar er det krav om at «konsesjonær skal innen utgangen av det 12. driftsåret for anlegget oversende NVE et konkret forslag til garantistillelse som sikrer kostnadsdekning for fjerning av vindturbinene og tilbakeføring av området ved utløp av driftsperioden», jf. energilovforskriften § 3-5 bokstav d). Hva skjer når eit vindkraftverk eventuelt blir nedlagt eller går konkurs før 12-årsfristen; kven sit då med ansvaret for opprydding og tilbakeføring?

Det er brei einigheit om at globale og nasjonale utslepp må ned, og bruken av fossil energi må fasast ut og erstattast med fornybar energi. Natur- og friluftslivsorganisasjonane i vårt samarbeidsforum er positive til fornybare energiløysingar, men mener at vi må velge dei mest naturvenlege alternativa som ikkje forvandler det vi har att av villmarksprega natur og viktige friluftslivsområde til industri. Ytterligere kraftproduksjon kan skaffast utan å forbruke viktige naturverdiar: auka fokus på energisparing, oppgradering, modernisering og effektivisering av eksisterande industri og eksisterande kraftverk der naturinngrepa allereie er gjort. Er nedbygging og beslag av fleire verdifulle areal og fragmentering av landskapet framtidretta når det faktisk fins meir berekraftige løysingar? Når det gjeld det gjeld behov for vindkraft



forum for  
natur og friluftsliv  
Møre og Romsdal

samt overordna spørsmål om vindkraft vil vi her vise til faktaheftet Naturvernforbundet i Møre og Romsdal har utarbeidd i lag med Trøndelag  
<https://naturvernforbundet.no/trondelag/faktahefte-om-vindkraft-article39517-1422.html>

### **Dei ulike areala**

Dei tre areala utplukka i Møre og Romsdal har kvalitetar både knytt til natur og friluftsliv. Våre organisasjonar har i sine fråsegner teke opp detaljane i dette for dei ulike delområda. Vi vil her vise til uttale frå Møre og Romsdal NJFF av 19.09.2019, Kristiansund Turistforening av 24.05.2019 og 02.09.2019, uttale frå Ålesund-Sunnmøre Turistforening av 23.09.2019 og uttale frå Naturvernforbundet av 30.09.2019.

### **Konklusjon**

FNF Møre og Romsdal meiner at skal det byggast vindkraftanlegg så må desse byggast i område med eksisterande industri- og kraftanlegg, og skal ikke redusere område med urørt preg eller andre viktige friluftslivs- og naturverdiar.

På vegne av organisasjonane

FNF koordinator Ingbjørn Bredeli

Kopi:  
Møre og Romsdal fylkeskommune  
Fylkesmannen i Møre og Romsdal